



MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 15.06.2015
Møtetid: 12:30 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører/leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/15	15/454	Faste saker	
002/15	13/115	Frivilligsentral	
003/15	12/703	Den kulturelle spaserstokken - innspel til søknad	
004/15	13/783	Kommunereform - alternativ for vidare utgreiing m.m.	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 15/454	Løpenr: 15/4501
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	15.06.2015	001/15	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FA-F08
Arkivsaksnr: 13/115	Løpenr: 15/4450
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	15.06.2015	002/15	ASL

FRIVILLIGSENTRAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

Dokument som er vedlagt:

Oppgaver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger
 Innkome høyringsfråsegn - Oppgaver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger

Høyring - Oppgaver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger

Adresseliste - høyring frivilligsentral.docx

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunestyrevedtak i sak 063/13 «Budsjet 2014»

Kva saka gjeld:

Leiar av eldrerådet, Brigte Olav Gåsdaal har bedt om ei oppdatering av oppfølginga av vedtaka som er gjort i samband med etablering av frivilligsentral i Samnanger.

Vurderingar og konsekvensar:

Eldrerådet hadde sak om frivilligsentral opp 9.4.2013 og 4.6.2013.

I møte den 9.4.2013 vart det vedteke at:

5 av 52

«Saka vert sendt ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger og lyst ut i Samningen. Høyringsinstansane vert særskilt bedne om å kommentera desse spørsmåla:

- Er det interesse for å skipa frivilligsentral i Samnanger?
- Er oppgåvene som er lista opp i saksutgreiinga saker som ein frivilligsentral bør arbeida med?
- Bør det leggjast andre oppgåver til ein frivilligsentral?
- Vil eller kan dykkar lag gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral?
- Har de andre synspunkt og moment de meiner bør vera med?

Frist for å svara vert sett til 21. mai og alle interesserte vert oppmoda om å koma med innspel. Eldrerådet handsamar saka med innkomne merknader i sitt neste møte. Dette møtet vert utsett slik at saka kan førebuaast.»

I møte den 4.6.2013 vart det vedteke:

«Eldrerådet viser til saksutgreiing og innkomne høyringssvar om frivilligsentral og ber kommunestyret gjera naudsynt vedtak for å etablera frivilligsentral i Samnanger»

Vidare så har kommunestyret vedteke i møte den 18.12.2013 i sak 063/13 «Budsjett 2014»:

«[...]Administrasjonen greier ut ei sak om etablering av frivilligsentral i Samnanger. M a organisering og finansiering av tiltaket må drøftast i saksutgreiinga.[...]»

Etter vedtaket i kommunestyret den 18.12.2013, så har det ikkje skjedd noko i saka.

Etablering av ein eventuell frivilligsentral i Samnanger må greiast ut i arbeidet med budsjettet for 2016 og leggast inn om tiltak. Tiltaket kan sjåast i samband med bygging av nytt bibliotek.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FA-F08
Arkivsaksnr: 13/115	Løpenr: 13/1583
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	09.04.2013	004/13	ASL

OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVERSAR FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

09.04.2013 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg:

”Saka vert sendt ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger og lyst ut i Samningen.

Høyringsinstansane vert særskilt bedne om å kommentera desse spørsmåla:

Er det interesse for å skipa frivilligsentral i Samnanger?

Er oppgåvene som er lista opp i saksutgreinga saker som ein frivilligsentral bør arbeida med?

Bør det leggjast andre oppgåver til ein frivilligsentral?

Vil eller kan dykkar lag gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral?

Har de andre synspunkt og moment de meiner bør vera med?

Frist for å svara vert sett til 21. mai og alle interesserte vert oppmoda om å koma med innspel.

Eldrerådet handsamar saka med innkomne merknader i sitt neste møte. Dette møtet vert utsett slik at saka kan førebuast.”

Framlegget vart samrøystes vedteke

ELD-004/13 VEDTAK:

Saka vert sendt ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger og lyst ut i Samningen.

Høyringsinstansane vert særskilt bedne om å kommentera desse spørsmåla:

Er det interesse for å skipa frivilligsentral i Samnanger?

Er oppgåvene som er lista opp i saksutgreinga saker som ein frivilligsentral bør arbeida med?

Bør det leggjast andre oppgåver til ein frivilligsentral?
Vil eller kan dykkar lag gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral?
Har de andre synspunkt og moment de meiner bør vera med?

Frist for å svara vert sett til 21. mai og alle interesserte vert oppmoda om å koma med innspel. Eldrerådet handsamar saka med innkomne merknader i sitt neste møte. Dette møtet vert utsett slik at saka kan førebuast.

Kva saka gjeld:

Eldrerådet hadde i møte den 19.02.2013 ynskje om å få ei sak om oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger.

Vurderingar og konsekvensar:

Oppgåver lagt til frivilligsentralen

I Kulturdepartementet sine retningslinjer for frivilligsentralar heiter det:

”Sentralens innsats, ikkje på noko område skal vera ein del av, eller erstatning for dei offentlige hjelpeapparata, men berre vera eit supplement og ein støttefunksjon. Sentralen skal fyrst og fremst bidra til å ivareta og stimulera dei friske ressursane hos enkeltmenneske og lokalsamfunn.

Frivilligsentralar skal vere ein lokalt forankra møteplass som er open for alle som har lyst å vera med på frivillig verksemd”.

Det er vanskeleg å seia noko om kva for nokre oppgåver ein frivilligsentral i Samnanger skal ha utan å kjenne behovet. Eldrerådet har, i møte den 19.02.2013, fått presentert Arna frivilligsentral og diskutert kva dei ynskjer av ein frivilligsentral. Arna frivilligsentral driv med mykje, men dei oppgåvene dei har, som og vart nemnt i Eldrerådet, som noko me ynskjer i Samnanger er:

- Senioruniversitet
- Dataopplæring for seniorar
- Følgjeteneste til lege, kontroller ved sjukehus m.m.
- Handlekjøring for eldre som bur heime.
- Besøks og telefonvenn teneste
- Sjølvhjelpsaktivitet
- Bistand til andre lag og organisasjonar
- Natteravn
- Praktisk hjelp som hagearbeid, snømoking, smått førefallane arbeid i heim m.m

Utan å ta stilling til korleis eigarskapet skal vera, er det viktig at dei frivillige foreiningane som finst i Samnanger ynskjer å delta. Sentralen skal utviklast av dei menneska som er knytte til sentralen, men sidan det er Eldrerådet som har tatt initiativet til etableringa er det naturleg at me forankrar den i våre planar.

Me har ein visjon om Samnanger – der du vil leva og bu. Ein frivilligsentral kan bidra slik at me kan nå vår visjon. I kommuneplanens fyrste satsingsdråpe, Levekår, har som hovudmål at *”Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane”.*

8 av 52

I Plan for folkehelse er det spesielt i fire av seks satsingsdråpar kor det er naturleg at ein frivilligsentral kan bidra. Dei er Engasjerte lokalsamfunn, Sosial tilhøyring, Fysisk aktivitet og Psykisk helse. Hovudmåla for dei dråpane er:

- *"Innbyggjarar som er engasjert i eige lokalsamfunn"*
- *"Alle skal oppleve at dei tilhøyrar eit sosialt og inkluderande fellesskap"*
- *"Aktiv kvar dag"*
- *"Samnanger eit ope og inkluderande samfunn der alle har mogelegheit til å leva det gode liv."*

I Kulturplanen har me nokre ynskje om korleis det skal verta i framtida. Dei ynskja som ein frivilligsentral kan ta del i er:

- Turgruppe
- Treningskontaktar
- Seniorsenter/møteplass
- Etablere møteplassar det framande kulturar møter kvarandre og vår eigen kultur.
- Bruka innbyggjarar aktivt i kurs/møter/prosessar for auke kunnskap og forståing om andre kulturar og tradisjonar (mat, handarbeid, kunst, musikk/dans m.m)

Eining for kultur ynskjer å hjelpa og styrke dei frivillige lag og organisasjonane me har i kommunen. At dei er levedyktige er gjer at kulturlivet i Samnanger er breiare enn det ville ha vore dersom me ikkje hadde hatt dei.

I Plan for pleie og omsorgstenester vart Eining for pleie og omsorg sitt samarbeid med frivillige omtala.

Ei rekkje friviljuge personar stiller seg til rådvelde for pleie- og omsorgstenesta når det gjeld å gje tilbud til heimebuande eldre i eit dagsentertilbod. Dei er då med på aktivitetar og måltid.

- Røde Kors besøksteneste besøkjer heimebuande som elles lever isolert og som av ulike grunnar er lite i stand til å koma seg ut or eigen heim.
- Røde Kors besøksteneste arrangerer ein årleg tur for heimebuande som ikkje har anna tilbod om aktivisering gjennom pleie- og omsorgstenesta.
- Røde kors besøksteneste skipar til fest for bebuarane på Samnangerheimen kvar vår og haust.
- Nokre personar stiller som friviljuge sjåførar for å frakta dei heimebuande til og frå dagsenteret.
- Lionsklubben pyntar og set opp juletre utanfor Samnangerheimen 1. søndag i advent

Vidare seier planen at det kan verta ei utfordring å nytta frivillige i framtida. Mange vegrar seg for å forplikta seg til faste/regelmessige oppgåver. Dette er ei oppgåve som ein frivilligsentral kan oppmuntra og koordinera. Elles er det tiltak 14 *Seniorsenter* som kan falle innanfor det ein frivilligsentral kan og skal jobba med. Ein frivilligsentral kan skapa ein møteplass.

I Stortingsmelding nr. 39 (2006-2007) har dei lista opp tre forskjellige sentraltypar: hjelpesentralen, møteplassentralen og nærmiljøsentralen. I møte i Eldrerådet 19.02.2013 var det ein hjelpesentral som vart presentert, og det var det Eldrerådet såg for seg.

I rapport 2012:4 *"Frivilligsentralen i nærmiljøet: Konkurrent eller katalysator?"* (Lorentzen, 2012) vert det skilja mellom to typar sentral: sosialsentral og nærmiljøsentral. Det som Lorentzen omtalar som sosialsentral er det som Stortingsmelding nr. 39 (2006-2007) omtalar som hjelpesentral.

Lorentzen seier at det viktigaste skilje mellom ein sosialsentral og ein nærmiljøsentral kan knytast til sentralens evne til å virke som ein katalysator for det lokale foreiningslivet. Mange sosialsentralar oppfattast som ein konkurrent til foreiningslivet, mens ein nærmiljøsentral kan tilføre assistanse og kompetanse.

Kva slags sentral som er mest hensiktsmessig for Samnanger vil kome fram når ein har kartlagt behovet og etter at me har prioritert kva me ynskjer av ein frivilligsentral.

Korleis ein etableringsprosess kan gå føre seg

Når me kjenner behovet og kva for nokre prioriteringar me ynskjer, må me utarbeide visjon og mål for frivilligsentralen. Ein av grunnsteinane i ein frivilligsentral er at den ikkje skal vera til for seg sjølv, men for dei som ynskjer å bidra. Det er derfor viktig å trekkja dei frivillige med frå fyrste stund.

I ein frivilligsentral vil det vera både enkeltpersonar og personar med medlemskap i eksisterande organisasjonar som er frivillige. Det er viktig i ein etableringsprosess at alle som ynskjer det, kan få si stemme høyr.

Det er viktig at alle frivillige organisasjonar som allereie eksisterar i Samnanger får høve til å bidra i ein sentral. Dersom sentralen skal fungera må me ha ein brei forankring i lokalmiljøet. Det er ikkje vurdert korleis eigarskapet skal vera, men det bør takast ein diskusjon med dei organisasjonane som er interesserte i å vera med.

Økonomiske konsekvensar

Det er eit krav om at det er ein dagleg leiar på sentralen. For tabellen nedanfor er det tatt utgangspunkt i ei årsløn på kr 410 000. For å få fullt tilskot frå Kulturdepartementet må me ha eit driftstilskot på minimum kr 516 000 (for 2013). Dersom me har eit mindre driftsbudsjett vil tilskotet verta avkorta tilsvarande.

Stillingsprosent	Lønskostnadar	Tilskot	Eigen del
50	281 628	155 000	126 628
60	337 954	186 000	151 954
70	394 279	217 000	177 279
80	450 605	248 000	202 605
90	506 937	279 000	227 937
100	563 257	310 000	253 257

Lokala til ein frivilligsentral vert ofte trekt fram som ein viktig ressurs for dei. Eining for kultur har ikkje vurdert moglege lokale og kostnadar med desse. Ein sentral treng eit kontor til dagleg leiar. Då vil sentralen berre ha koordinering av frivillige som oppgåve. Dei sentralane som har størst suksess har òg lokale slik at dei kan skapa ein møteplass for dei som ynskjer det. Kva for nokre lokale sentralen treng, vil koma fram når me kartlegg behovet og me gjer våre prioriteringar.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FA-F08
Arkivsaksnr: 13/115	Løpenr: 13/2747
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	04.06.2013	009/13	ASL

INNKOME HØYRINGSFRÅSEGN - OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVENSAER FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

04.06.2013 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsda sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Eldrerådet viser til saksutgreiing og innkomne høyringssvar om frivilligsentral og ber kommunestyret gjera naudsynt vedtak for å etablera frivilligsentral i Samnanger.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ELD-009/13 VEDTAK:

Eldrerådet viser til saksutgreiing og innkomne høyringssvar om frivilligsentral og ber kommunestyret gjera naudsynt vedtak for å etablera frivilligsentral i Samnanger

Dokument som er vedlagt:

Høyring - Oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger

Oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger
Adresseliste - høyring frivilligsentral.docx

Dokument som ikkje er vedlagt:

Dei innkome høyringsfråsegna

Kva saka gjeld:

I sak 004/13 i Eldrerådet den 9.4.2013 vart det vedteke å senda saka ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger. Den 19.4.2013 vart saka sendt ut som e-brev til 37 partar. I tillegg vart det annonsert i Samningen den 25.4.2013 og på Samnanger kommune si nettside og facebookside den 19.4.2013.

Fristen for å kome med høyringsfråsegn var 21.5.2013.

Vurderingar og konsekvensar:

Det var vanskeleg å finne ut kven som er leiar og ein e-postadresse til alle lag og organisasjonar i Samnanger, så det er nokre av dei som ikkje fekk det tilsendt. Adresselista ligg vedlagt saka.

Rådmann har valt å ikkje kommentera fråsegna.

Det har kome inne fem høyringsfråsegn frå diakoninemnda, Samnanger næringsforum, Tysse og Nordbygda musikklag, Samnanger båtforening, Samnanger Pensjonistlag og Samnanger historielag.

Diakoninemnda

De melder om ei ekte interesse for at ein frivilligsentral vert skipa til. Dei meiner at ein frivilligsentral kan vera moderat i starten for så å byggjast ut, og at sentralen må sjå breiare enn berre eldre.

Dei ser det som naturleg at Samnanger kommune har arbeidsgjevaransvaret for ein dagleg leiar, men dei vil gjerne stå i eit medarbeidarskap.

Samnanger Næringsforum

Samnanger Næringsforum meiner at etablering av ein frivilligsentral i kommunen er eit godt tiltak som mange kan gjera seg nytte av. Næringsforumet stiller seg derfor positiv til tiltaket.

Styret er usikker på kva medverknad Næringsforumet kan ha til ein frivilligsentral, då forumet sine primære aktivitetar er å fremma næringslivet i kommunen.

Ein ser ikkje at slike aktivitetar naturleg fell inn under oppgåvene ein frivilligsentral er tiltenkt.

Samnanger Næringsforum er likevel innstilt på å delta i møter for å diskutera tiltaket.

Tysse og Nordbygda musikklag

Musikklaget har nok ikkje sterk interesse i å skipa frivilligsentral i Samnanger og har begrensa mulighet til å bidra aktivt. Det er krevjande å driva lag i Samnanger då det er ei utfordring å få personar til å delta i styre og verv. Ein finn ofte dei same personane som aktive i fleire lag og det er nok ein del "slitasje" her på enkelte.

Dette kan vere viktig å vere klar over i denne samanheng.

Vi kan likevel delta og bidra i nokon grad med til dømes fylgjande aktivitetar:

- Konsertarrangement med fokus på ulike kulturar, spesielle tema, aldersgrupper osv.
- Konsertarrangement tilrettelagt for tilhøyrarar som ikkje så lett kan møte fram utan hjelp (i samarbeid med andre lag)
- Enklare arrangement som Sundagskafé eller liknande.

Vi vonar vi med dette kan bidra noko dersom det blir aktuelt å etablera ein frivilligsentral.

Samnanger båtforening

Båtforeningen er nok litt i 'ytter-grensa' for ein frivilligsentral, men me er positive til tiltaket **dersom** kommunen finn eigne midlar til å dekkja sin part for ein eigen stilling som frivillig-koordinator i Samnanger.

Samnanger Båtforening har eit fint område i Gjerdsvika til båtplassar og ein eigen molo med oppstillingsplass som kan nyttast av heile kommunen til aktivitetar ('møteplass ved sjøen', grilling etc..). Båtforeninga kan stilla opp i høve arrangement det kan verta aktuelt å leggja på området.

Me kan leggja til at me ønskjer å forlenga moloen med ein bølgedempar på 24 meter. Me er på jakt etter midlar for å finansiera eit slik prosjekt (kommunale midlar og andre interesserte..) og ser for oss at me vil leggja til rette for at rullestolar kan koma heilt ned på bølgedemparen, samt at me vil setja opp badestige og stupebrett på utsida av bølgedemparen og båtplassar på innsida

Samnanger Pensjonistlag

Samnanger Pensjonistlag har stor interessa av at ein frivilligsentral vert oppretta. Dei meiner at ein må starta i det små. Ein oppgåve dei meiner ein frivilligsentral bør gjera er å henta/bringa brukarar til og frå møter/konserter. Samnanger Pensjonistlag vil og kan gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral. Dei meiner til slutt at det bør vera ein koordinator i lav stillingsprosent i den overordna delen, og at frivillige frå alle organisasjonar i bygda må delta.

Samnanger Historielag

Styret i historielaget er positive til ein frivilligsentral i Samnanger. Først og fremst tenkjer me sentralen kan formidla praktisk hjelp til dei som treng det, t.d. eldre som bur i eigen heim eller på Samnangerheimen. Frivillige må likevel ikkje ta på seg kommunale oppgåver.

Skyss til eldre/hjelpetrengjande kan vera ei oppgåve for frivillige. Kan henda dei som tek på seg dette kan få nytta minibussen til kommunen ? Elles vart utkøyring av middag til heimebuande, hjelp til innkjøp og følgjeteneste til lege, tannlege m.m. nemnt.

Samnanger historielag meiner kontoret til frivilligsentralen bør halda til utanfor kommunehuset, i lokale som er tilgjengeleg for alle og har nok parkeringsplassar. Det hadde vore positivt om ein kunne fått plass til ein samlingsstad i tilknytning til kontoret.

Historielaget legg til grunn at frivilligsentralen ikkje skal tena pengar på frivillig arbeid. Ein må likevel tenkja på forsikring – både på utstyr og personar.

Andre idear til kva ein frivilligsentral kan engasjera seg i:

- Ta initiativ til å leggja til rette for ein møteplass på kafé, med billegare kaffi og mat for pensjonistar tidleg på dagen, når det er få andre kundar.
- Senioruniversitet: kan samarbeida med Arna eller Fusa, som er godt i gang med dette.
- Formidla lokalhistorie for skuleelevar, gjerne i samarbeid med frivillige frå historielaget.
- Laga ferieklubb for born ei veke i byrjinga eller slutten av skuleferien, i samarbeid med aktuelle lag og organisasjonar.



Lag og organisasjonar i Samnanger

Vår referanse:

13/115/13/1997/KUL/ASL

Arkivkode:

FA-F08

Dykkar referanse:

Dato:

19.04.2013

HØYRING - OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVERSAR FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER

I eldrerådsmøte den 9.4.2013 handsama Eldrerådet sak 004/13 "Oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger". I handsaminga av saka vart det vedteke å sende saka ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger.

I saka er det greia ut om dei mål og ynskjer Samanger kommune har skildra i gjeldane planar kor ein frivilligsentral kan bidra, men det er ikkje greia ut kva for nokre behov organisasjonslivet i Samnanger har. I dykkar fråsegn ber me dykk om å kommentera desse spørsmåla:

- Er det interesse for å skipa frivilligsentral i Samnanger?
- Er oppgåvene som er lista opp i saksutgreiinga saker som ein frivilligsentral bør arbeida med?
- Bør det leggjast andre oppgåver til ein frivilligsentral?
- Vil eller kan dykkar lag gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral?
- Har de andre synspunkt og moment de meiner bør vera med?

Dersom de har spørsmål kan de ta kontakt med leiar i eldrerådet Brigte Olav Gåsdal på bo-gaa@online.no eller kultursjef Arnved Soldal Lund på arnved.soldal.lund@samnanger.kommune.no eller 56 58 74 09. Det er òg høve til at leiar for eldrerådet kan stille i møte med dykk.

Innspel kan sendast til postmottak@samnanger.kommune.no eller Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 Tysse innan 21. mai.

Med helsing

Arnved Soldal Lund
kultursjef

Vedlegg:

Oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger
Adresseliste - høyring frivilligsentral.docx

Adresseliste

Samnanger båtforening
Samnanger idrettslag
Samnanger jeger- og fiskarlag
Tysse skyttarlag (heimeside)
Samnanger misjonsforening
Samnanger Kameraklubb
Antons Kulturhistoriske Senter
Fjordtønna
Samnanger barnekor (King Sing)
Samnanger Blues Club
Samnanger skulemusikklag
Tysse og Nordbygda musikklag
Fagforbundet Samnanger
Samnanger bondelag
Samnanger næringsforum
Sjukepleiarforbundet Samnanger
Utdanningsforbundet Samnanger
Frøylandsdal ungdomslag
Interessentselskapet Vonheim
Nordbygda ungdomslag
Rolvsvåg Turlag
Samnanger bridgeklubb
Samnanger historielag (heimeside)
Samnanger Lions Club
Samnanger pensjonistforening
Samnanger Røde Kors Besøktjeneste
Samnanger sundagsskulelag
Sandvik grendalag
Tveit ungdomslag
Urd ungdomslag
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne
Ungdomsrådet
Samnanger kyrkje
Tomas Martin Nordviks stiftelse
Barn og unges representant
Bjørkheim Velforeining
LAGA



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-233
Arkivsaksnr: 12/703	Løpenr: 15/4398
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	15.06.2015	003/15	MEHH

DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN - INNSPEL TIL SØKNAD

Dokument som er vedlagt:

DKSS retningslinjer

Kva saka gjeld:

Frå og med 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken (DKSS). DKSS er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet ordninga er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren om omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

For vurdering av søknader vert 80 % av midlane basert på ei kvantitativ vurdering og 20 % vert basert på ei kvalitativ vurdering. Målgruppa er innbyggjarar over 70 år. Tilskotet skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling. Sjå vedlegg *DKSS retningslinjer* for utfyllande tekst.

I 2014 sendte kulturkontoret inn "fri" søknadstekst som vedlegg til epost. Nytt for 2015 er at ein skal fylle inn søknadsskjema elektronisk til Hordaland fylkeskommune. Søknadsskjema vert tilgjengeleg etter 15. juni 2015. Frist for innsending av søknad er 9. september 2015. Det ein førebels veit er at kommunane kan søka om midlar til tiltak for 3 områder/tema.

Underteikna sine forslag er:

Område 1. Kultur for heimebuande: 2 konsertar, føredrag, utstillingar eller prosjekt i løpet av året.

Område 2. Kultur på institusjon: 4 konsertar, føredrag, utstillingar eller prosjekt i løpet av året.

Område 3. "Syng med oss" v/Anne-Lise: kvar måndag for eldre på institusjon

Søknadssum kr 60 000,-

I 2014 vart Samnanger kommune tildelt kr 29 000,- til DKSS. I og med at ei kvantitativ vurdering av søknaden er meir føreseieleg enn ei kvalitativ, kan ein rekna med at det omtrent er denne summen me vil verta tildelt i 2015 også.

Vurderingar og konsekvensar:

Som i fjor vert Eldrerådet invitert til å koma med sine innspel til søknad frå tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken.

Retningslinjer

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet.

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øyremerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Forvaltning av midlane

For fylkeskommunar og kommunar som får over 100.000 kroner av spillemidlane, er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane kjem føremålet til gode. Det kan anten gjerast ved at midlane plasserast på eigen renteberande konto, eller ved at renteinntekta reknast ut og vert gjeve som eit tilskot til føremålet. For kommunar som får under 100.000 kr av spillemidlane, er det ønskeleg, men ikkje eit krav om at renteinntektene kjem føremålet til gode.

Vurdering av søknader:

80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering og at 20 % vert basert på ei kvalitativ vurdering.

Kvantitativ vurdering:

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

Desse personane er sjølve målgruppa i ordninga og fylkesrådmannen vel difor å vektleggje dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I ni kommunar utgjorde innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet i 2014. Ein ser at kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Fylkesrådmannen vel å vektleggje dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå Statens kartverk). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er bebudd. Fylkesrådmannen vel å vektleggje kommunane sitt areal med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

Kvalitativ vurdering:

20 % av midlane etter ei skjønsmessig vurdering. Kriterier som vert lagt til grunn for denne vurderinga er følgjande:

- Programinnhald
- Nyskaping
- Utvikling av program
- Samarbeid



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-002
Arkivsaksnr: 13/783	Løpenr: 15/4268
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	15.06.2015	004/15	TR
Kommunestyret	17.06.2015	021/15	TR

KOMMUNEREFORM - ALTERNATIV FOR VIDARE UTGREIING M.M.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune går vidare med fylgjande alternativ til utgreiing

- Samnanger åleine
- Samnanger, Kvam og Fusa
- Samnanger, Fusa, Tysnes og Os
- Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Bergen

Utgreiinga skjer i samarbeid med dei aktuelle kommunane.

Kommunen søker fylkesmannen om tilskot, og desse vert saman med eigen innsats kommunen sitt bidrag i denne fasen. Dersom det viser seg at dette ikkje er tilstrekkeleg, må spørsmål om tilleggsløyving presenterast for politisk handsaming.

Dokument som er vedlagt:

Samnanger, Kvam og Fusa
 Samnanger, Vaksdal, Bergen Osterøy
 notat interkommunalt samarbeid
 Bjørnefjord
 gruppearbeid kommunestyret oppsummering
 Kommunestyret 22 gruppearbeid oppsummering

Kva saka gjeld:

Samnanger kommunestyre fatta vedtak om arbeidet med kommunereforma i møte 17.12.2014 . Det har sidan den tid vore arbeidd i sonderingsfasen der føremålet har vore å koma fram til kva alternativ ein skulle ta med seg inn i neste fase som er utgreiingsfasen.

Mål for sonderingsfasen:

- Avgjera kva for alternativ det er aktuelt å ta vidare inn i utgreiingsfasen
- Peika ut maksimalt 3 alternativ
- Utarbeida mandat for utgreiingsfasen

Alternativ som skal vurderast i sonderingsfasen:

1. Samnanger åleine
2. Samnanger saman med Kvam og Fusa
3. Samnanger saman med Os og Fusa, evt. Tysnes og Austevoll
4. Samnanger saman med Bergen åleine evt. saman med Vaksdal og/eller Osterøy evt Fusa . Her er det fleire alternativ.
 - a. Samnanger som del av Bergen
 - b. Osterøy, Samnanger og Vaksdal som del av storbyregionen Bergen
 - c. Ein ny kommune av Osterøy, Samnanger, Vaksdal og Arna bydel
 - d. Ein ny kommune av Osterøy, Samnanger og Vaksdal

I sonderingsfasen skulle desse tilhøva vurderast:

Effektmål:

- Vurdere alternativa opp i mot ekspertutvalet sine kriteria for framtidig kommunestruktur
- Fanga opp relevante haldningar, kjensler, realistiske moglegheiter
- Sikra mest effektiv ressursbruk
- Tilrå veggen vidare
- Tilrå korleis arbeidet skal organiserast i utgreiingsfasen

Prosessmål:

- Sikra at innbyggjarar og avgjerdstakarar opplever seg trygge på at relevante omsyn blir tatt med før ein tek avgjerd om kva alternativ ein går vidare med
- Sikra felles kunnskapsgrunnlag
- Sikra god dialog i prosessane fram mot avgjerd
- Tidleg få innspel på haldningar, kjensler, oppfatningar hjå innbyggjarane og andre relevante interessentar
- Sikra naudsynt forankring hjå relevante interessentar

Kva er skjedd sidan vedtaket i desember

På KS si heimeside finn ein ein del informasjon om pågåande prosessar, utgreiingar m.m.

<http://www.ks.no/tema/Samfunn-og-demokrati1/Folkevalgtportalen/Kommunestruktur/>

Oppgåvemeldinga er no lagt fram (meld. St.14 (2014 - 2015) "Kommunereformen - nye oppgaver til større kommuner". Informasjon om den finn ein på

<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/meld.-st.-14-2014-2015/id2401505/>

Det har vore gjennomført ei rekke **møte** i sonderingsfasen

- Internt i kommunen – folkemøte, møte med dei næringsdrivande og to arbeidsmøte i kommunestyret
- Politiske møte med andre kommunar både før og etter sonderingsfasen vart starta – samla formannskap har møtt tilsvarande frå Osterøy og Vaksdal og Kvam og Fusa. Ordførar og varaordførar har møtt med Bjørnefjordskommunane og med Bergen. Det har og vore samlingar i Bergensalliansen der ordførarane er deltakar.
- Administrative møte der rådmannen har hatt fleire arbeidsmøte med Bergen for alternativ Bergen, Osterøy, Vaksdal og Samnanger, med Fusa, Tysnes og Os for Bjørnefjordsalternativ og mellom rådmennene i Kvam, Fusa og Samnanger.

Ein del møte som var sett opp i planen – m.a. med referansegrupper – er ikkje gjennomførte.

Det er utarbeidd eit dokument for Bergensalternativet. Sjå vedlegg. For dei andre alternativa har underteikna laga noko statistikk som gir eit bakteppe for diskusjonen i tillegg til at det er henta ut informasjon frå nykommune.no.

Rådmannen har på bakgrunn av diskusjonen så langt lagt bort alternativa b, c og d i alternativ 4 (samanslåing med Bergen).

Rådmannen sine vurderingar:

Saka er kompleks, og rådmannen meiner at det kan vera vanskeleg ut frå dagens kunnskap å sjå konsekvensane av dei ulike alternativa. Hovudspørsmålet no går på om det er nok underlagsmateriell til å utelate minst eit av alternativa. Jmf. målet om å redusera tal alternativ til maksimalt 3. Det er mogleg at dette ikkje kan skje før i utgreiingsfasen.

Kommentarar til dei ulike alternativa:

1. Samnanger aleine

Rådmannen ser klart at med dette alternativet må fleire av kommunen sine oppgåver løysast gjennom kjøp av tenester og interkommunalt samarbeid.

Når det gjeld økonomi, er det vanskeleg å seia noko om det sidan det fortsett er uklart kva rammevilkår me får av staten. Det er varsla at endringar i rammefinansieringa av kommunane vert sendt ut på høyring i byrjinga av 2016. Det er likevel klart at utan tilførsel av meir midlar har me ikkje råd til å oppretthalda dagens driftsnivå. Jmf. økonomiplan og rekneskap og årsmelding for 2014.

2. Samnanger, Kvam og Fusa

Tal innbyggjarar i dette alternativet ligg i underkant av 15.000. Det kan tenkast at dette ikkje er tilstrekkeleg til å klara å gje tenester på alle områda. Truleg vil dette berre gjelda dei mest spesialiserte tenestene. 15.000 innbyggjarar er og ei viktig grense med tanke på økonomi, då kommunar over dette talet på samanslåingstidspunktet får tilført vesentleg meir statlege midlar.

Denne geografiske eininga er ikkje eit naturleg bu- og arbeidsmarknad. Berre eit fåtal av innbyggjarane i Samnanger har arbeidsstaden sin i Kvam. Det er likevel usikkert kor viktig bu- og arbeidsmarknaden er for kommunebygging/identitet.

Kommunikasjonsmessig er denne eininga betre for Samnanger samanlikna med alternativ 3 når me ser på senterstruktur – reising frå Tysse/Nordbygda til Norheimsund/Øystese og Eikelandsosen. Samanlikna med alternativt 3 er det ikkje like opplagt kvar kommunesenteret vil verta etablert.

Kvam herad v. rådmannen nemnde i samtale om det kunne vera aktuelt å utvida dette alternativet til også å omfatta Jondal. Fusa og Samnanger ga tilbakemelding i møte at dette har ikkje vore med i planane så langt, og at ein ikkje såg dette som ei opplagt utviding.

I Hardanger har dei kome lenger i å utgreia konsekvensane av dei ulike samarbeidskonstellasjonane i regionen. Rapport om dette skal leggjast fram den 22.6.2015. Det er mogleg å tenke seg at ei utgreiing for Samnanger, Kvam og Fusa kan byggjast opp etter same leisten. Det vil vera ein relativ avgrensa jobb som truleg kan gjerast av den/dei som har utarbeidd rapporten for Hardangerkommunane.

Kvam herad ser ikkje for seg ei politisk handsaming før ei evt. utgreiing startar. Fusa kommune skal handsama ei tilsvarande sak som for Samnanger i møte i kommunestyret i juni.

3. **Bjørnefjorden (Samnanger, Tysnes, Fusa og Os)**

Tal innbyggjarar er samla på vel 31.000. Det vil vera ei kommune i stor vekst, men der mesteparten av veksten kjem i Os. Osøyro framstår som eit klart senter. Samla storleik er slik at kommunen kan ta hand om alle type tenester.

Denne geografiske eininga er ikkje eit naturleg bu- og arbeidsmarknad. Berre eit fåtal av innbyggjarane i Samnanger har arbeidsstaden sin i Os. Det er likevel usikkert kor viktig bu- og arbeidsmarknaden er for kommunebygging/identitet.

Kommunikasjonsmessig er denne eininga vesentleg dårlegare for Samnanger samanlikna med alternativ 2 særleg med utgangspunkt i at Osøyro vil truleg vera det naturlege senteret.

Os formannskap har i møte 02.6.2015 fatta slikt vedtak:

Os kommune står att med to alternativ til framtid kommunestruktur. Os kommunestyre vedtar å følgje opp begge desse to alternativa fram mot våren 2016:

- 1) *Os kommune heldt fram som eigen kommune som i dag.*
- 2) *Os kommune utgreier føresetnader for ein ny Bjørnefjordkommune saman med nabokommunar. Os kommune vil bruke midlar til ei slik utgreiing. Delar av desse kostnadene vil verte dekkja av Fylkesmann i Hordaland. Oppdraget vert gitt til ekstern konsulent etter anbod.*

Formannskapet løyver inntil kr 300000 frå disposisjonsfondet til det vidare arbeidet med kommunereforma. I det vidare arbeidet vil det vere viktig å få oversikt over naudsynt kommunal infrastruktur og omstillingskostnader i ein framtidig kommunestruktur.

4. **Samarbeid med Bergen**

I denne kommunen vil Samnanger verta ein svært liten del målt i tal innbyggjarar, og naturleg nok ha liten gjennomslagskraft i politikken. For tenesteproduksjonen vil ein med dette alternativet ha tilgang på kompetanse på alle områda. Største utfordringa vert demokrati og lokal identitet med eigen kommune og ulike kulturar. Eit avgjerande punkt vert derfor kva styringsmodell ein vel i Bergen – desentralisert med bydelsorganisering eller sentralisert til rådhuset.

Bergen er del av Samnanger sin bu- og arbeidsmarknad. Frå næringslivet – NHO m.fl. – er dette sett på som viktig.

Bergen bystyre vil handsama sak om tema i juni.

Vaksdal kommunestyre har m.a. fatta slikt vedtak:

1. Kommunestyret slutter seg til Prosjektrapport for Sonderingsfasen slik den ligg føre.
2. Sonderingsfasen vert ikkje avslutta. Det vert ny handsaming av status for sonderingsfasen i samband med økonomiplan 2016 – 2019. Det vert gjort to presiseringar:
 - a. Rådmannen startar arbeidet med å greie ut alternativet «ei oppdeling av Vaksdal kommune» og kan i det arbeidet knytte til seg ekstern bistand.
 - b. Vaksdal kommune deltek i arbeid med å utarbeide kunnskapsgrunnlag for kommunane Vaksdal, Osterøy, Samnanger og Bergen i regi av Bergen kommune, og i regi av Bergensalliansen.

Osterøy kommune utgreier to alternativ – Osterøy åleine og Bergensalternativet.

Formannskapet som prosjektgruppe drøfta saka i møte den 03.06.2015. I tabellen under er oppsummert dei vurderingane medlemmane her gjorde seg. Informasjonen er sett opp med utgangspunkt i at kvart medlem rangerte alternativa frå 1 – 4 der 4 er det beste. (Same verdi kunne settast på fleire alternativ).

Ekspertutvalet sine kriteria	Samnanger aleine	Fusa, Kvam og Samnanger	Bjørnefjord	Bergen, Osterøy, Vaksdal og Samnanger
Tilstrekkeleg kapasitet	9	16	22	26
Relevant kompetanse	9	18	23	28
Tilstrekkeleg distanse	17	16	22	25
Effektiv tenesteproduksjon i)	14	13	12	12
Økonomisk soliditet	13	17	19	25
Valfridom	12	16	18	26
Funksjonelle samfunns-utviklingsområde	12	19	20	25
Høg politisk deltaking	28	22	14	15
Lokal politisk styring	26	20	12	15
Lokal identitet	25	18	13	14
	165	175	175	211

- i) 3 har ikkje sett verdi på dette punktet

Det er viktig å presisera at det ikkje er sagt noko om korleis ein vurderer dei ulike kriteria opp mot kvarandre, dvs. kva som er viktigast. Kommunestyret har i sitt gruppearbeid sagt noko om dette. Jmf. vedlegg. Undersøkingar viser at for innbyggjarar flest er det dei ”materielle” verdiane som tel mest. Det betyr at det er tenestene og tilgang og kvalitet på dei som tel mest.

Der må og presiserast at ein bydelsreform er for dei fleste ein føresetnad for alternativet med samanslåing med Bergen.

Alternativ som skal sjåast nærare på

Ut frå dei diskusjonane som har vore og er i kommunen og basert på dei undersøkingane og drøftingar som er gjort med moglege samarbeidskommunar, har rådmannen kome til den konklusjonen at me bør gå vidare med 4 alternativ. Samnanger aleine og Bergensalternativet framstår som klare kandidatar til å sjåast nærare på. Skilnaden mellom dei to andre er liten, og derfor bør begge alternativa utgreiast vidare.

Kva skal utgreiast

Dei ulike alternativa treng kanskje ulike utgreiingar. Me vil også inngå i samarbeid med andre kommunar, og ein må i fellesskap finne fram til utgreiingar som viser aktuelle problemstillingar. Fylgjande område vil vera aktuelle å sjå på for dei fleste alternativa:

Reglar og virkemiddel ved endringar av kommunestruktur

Utgreiinga bør innehalde ei faktabasert framstilling av kva reglar og virkemiddel som er gjeldande ved endringar av kommunestruktur, inkludert rettane til arbeidstakarane.

Økonomi

Ein viktig del av utgreiinga vil vera å kartleggja alle økonomiske forhold som vil vera viktige for den samla økonomien i ein eventuell ny kommune. Eit slikt oversyn er naudsynt for at folkevalde og innbyggjarar skal kunne vurdera korleis føresetnadane for å skapa gode framtidige tenester vil vera i ein eventuell ny kommune.

I tillegg kan utgreiinga seie noko om:

- Kva økonomiske stimuleringsmidlar vil den nye kommunen få frå sentralt hald
- Statlege rammeoverføringar
- Skatteinngang
- Eigedomsskatt
- Konesjonsavgift
- Konesjonskraft og andre inntekter relatert til kraftproduksjon
- Eigarskap i selskap som genererer avkastning eller på annan måte kan gje inntekter til ein eventuell ny kommune
- Gjeld
- Fond

Kommunen som tenesteytar

- Kort oppsummering av kva som tenester ein kommune har ansvar for
- Kartlegging av interkommunalt samarbeid
- Kartlegging av dagens ressursnivå i kommunane innan dei største tenesteområda
- Kartlegging av tilhøvet til statlege forvaltningsnivå
- Kort vurdering av innsparingspotensiale og stordriftseffektar

Næringsutvikling

Ein må prøve å få fram ein oversikt over næringsstrukturen i dei ulike kommunane og gi ei vurdering av vekstmoglegheiter og sysselsettingsmoglegheiter i den nye kommunen, inkludert moglegheitene for å tiltrekkja seg større private og/eller offentlege etableringar.

Kultur

Det skal gjerast ei vurdering av korleis føresetnadane i den nye kommunen vil vera for:

- Vekst og utvikling av frivillig kulturliv
- Innbyggjarane sin tilgang til kulturtilbod
- Kulturell identitet og tilhøyrse

Kommunen som demokratisk arena

- Samanlikna dagens utfordringar med det nye alternativet
- Kva utfordringar, fordelar og ulemper vil den nye kommunen innebera med tanke på å gje innbyggjarane moglegheit til å påverka politiske prosessar og avgjersler
- Korleis vil den eventuelle nye kommunar sin evne til å påverka samfunnsutviklinga i kommunane/regionen vera. Døme på område er infrastruktur, samferdselstilbod, utdanningstilbod utover grunnskule og lokalisering/utføring av fylkeskommunale/statlege tenestetilbod.

Identitet

Kultur og identitet i kommunane som skal slåast saman skal kartleggjast. Kva vil skje med identiteten dersom kommunegrensene vert endra? Kommunane har ulike måtar å jobba på både

administrativt og politisk? Kva styrker og utfordringar vil oppstå ved eventuelle kommunesamanslåingar? Utgreiinga bør difor innehalda kartlegging av identitet og utfordringar. Truleg vil utgreiinga på dette punktet vera av noko generell karakter. Her kan ein m.a. støtte seg til forskning.

Økonomi i utgreiingsfasen

Fylkesmannen har meldt at kvar kommune vil få 100.000 kroner til arbeidet med kommunereforma. Ein del arbeid kan kommunen gjera sjølv, men det er lagt opp til fellesprosjekt for samarbeidsalternativa. Arbeidet knytt til alternativ 2, Samnanger, Kvam og Fusa vil truleg ikkje kosta mykje då det her vert lagt opp til å nytta kommunalt tilsette. For alt. 4 – samarbeid med Bergen vil det og vera snakk om å nytta kommunalt tilsette – og kostnaden kan haldast på eit lågt nivå. For alternativ 3. Samnanger, Fusa, Tysnes og Os er det bestemt at det skal brukast ekstern konsulent. I denne saka ser rådmannen som naturleg at kostnaden vert fordelt likt mellom kommunane då tal innbyggjarar i minimal grad innverkar på arbeidet. Når det gjeld Samnanger aleine, vil me skaffa fram ein del av informasjonen gjennom fellesprosjekta og elles må dette arbeidet gjerast av egne tilsette.

Det er usikkert kor omfattande dei ulike utgreiingane vil vera, men det er grunn til å tru at tilskotet frå fylkesmannen ikkje strekk til til å dekkja utgreiingar knytt til 4 alternativ. Rådmannen vel likevel å starta ut med denne finansieringa, og må be om å få koma attende når ein veit nærare kva kostnaden vert.

Dersom kommunen skal halda seg til tidlegare vedtak om å peika ut maksimalt 3 alternativ, vert tilrådinga frå rådmannen å velja bort Bjørnefjorden.

RAPPORT OM NY KOMMUNE

Rapporten gir oversikt over relevante nøkkeltall og utviklingstrekk både for enkeltkommuner og for en ny, sammenslått kommune. Variablene er valgt ut på bakgrunn av tidligere utredninger av kommunesammenslåinger. Ytterligere informasjon finner du på nettsiden www.kommunereform.no (<http://www.kommunereform.no>).

BEFOLKNING OG DEMOGRAFI

Utvikling i innbyggertall

Historisk befolkningsutvikling fra 1972 til 2014 og framskrivning av befolkningsutviklingen i tre ulike alternativ frem mot 2040. Dataene er hentet fra SSB, mer informasjon om de ulike framskrivningsalternativene finnes på SSBs nettsider (<http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram>).

For enkelte kommuner finnes det ikke historiske befolkningstall helt tilbake til 1972. Derfor begynner tidsserien for disse kommunene først når data er tilgjengelig.

Per 1. januar 2014 er samlet befolkning i den nye kommunen 14 849.

Kommune	1972	1980	2000	2014
SAMLET	14 752	14 803	14 558	14 849
SAMNANGER	2 168	2 305	2 282	2 436
FUSA	3 760	3 765	3 684	3 829
KVAM	8 824	8 733	8 592	8 584

Fremskrivninger

2020

Kommune	LAVT	MIDDELS	HØYT
SAMLET	15 191	15 470	15 765
SAMNANGER	2 484	2 531	2 577
FUSA	3 836	3 906	3 974
KVAM	8 871	9 033	9 214

2040

Kommune	LAVT	MIDDELS	HØYT
SAMLET	15 384	16 944	19 188
SAMNANGER	2 452	2 697	3 046
FUSA	3 722	4 109	4 654
KVAM	9 210	10 138	11 488

Aldersgrupper

Framskrevet utvikling for 6 ulike aldersgrupper. Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.

2014

KOMMUNE	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
SAMLET	994	1 912	804	8 579	1 625	935
SAMNANGER	180	289	119	1 461	235	152

FUSA	238	571	211	2 166	411	232
KVAM	576	1 052	474	4 952	979	551

26 av 52

2020

KOMMUNE	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
SAMLET	1 089	1 886	780	8 813	2 031	871
SAMNANGER	179	297	108	1 465	368	114
FUSA	254	496	239	2 170	519	228
KVAM	656	1 093	433	5 178	1 144	529

2040

KOMMUNE	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
SAMLET	1 104	2 054	821	9 011	2 332	1 622
SAMNANGER	162	297	123	1 448	390	277
FUSA	282	522	193	2 095	592	425
KVAM	660	1 235	505	5 468	1 350	920

Innbyggere 20-66 år per innbyggere 67 år og over

Denne figuren viser antall innbyggere i arbeidsfør alder (20-66 år) per innbygger på 80 år og over i 2014, 2020 og i 2040. En reduksjon i forholdstallet mellom de to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggere i yrkesaktiv alder for hver innbygger 80 år og over.

Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ

Kommune	2014	2020	2040
SAMLET	3,4	3,0	2,3
SAMNANGER	3,8	3,0	2,2
FUSA	3,4	2,9	2,1
KVAM	3,2	3,1	2,4

Innbyggere 20-66 år i forhold til eldre innbyggere

